

MEDLEMSINFO AUGUST 2013

NYTT AVLSRÅD SAU

Atle Moen valgt som representant til regionrådet og Svein Skjølsvold som vara. Dette, ilag med Odd Bjarne Bjørdal frå fylkestyret utgjer avlsrådet i Møre og Romsdal. Arbeidsoppgåvene i avlsrådet er i hovudsak knytta mot kåringane om hausten med bestilling av kåringsmerker og planlegging/organisering av kåringane.

Styret i NSG har oppnemnt Ivar G. Slettemoen, frå Buskerud, som ny leiar for Avlsrådet for sau frå 01.07.13. Personleg vara: Ove Holmås (styremedlem NSG).

LEIARSAMLING

Felles lokallagsleiarsamling med Sogn og Fjordane Sau og Geit. **helga 25.-27. oktober, Sæbø**

- Kostnad 1395,- per døgn: fredag til søndag kr. 2790,-
- Fredag: lokale slakteri
- Laurdag: lokallagets time – Utflukt – landbruksforhandlingar
- Søndag: Nortura, FK. Tema: foring (bonde/FK/Veterinær)

Vi kjem attende med meir informasjon når det nærmar seg, men **sett av datoane**.

MEDLEMSVERVING

Vi oppfordrar lokallaga til å gjere ein innsats når det gjeld medlemsverving.

ÅRSRAPPORT 2012/TILLITSVALDE 2013

Styret manglar fortsatt ein del rapportar, og ber dei lokallaga som ikkje har sendt inn, om å gjere det omgåande. Årsrapportane skal sendast til sekr.moreogromsdal@sauoggeit eller til Synnøve Kjellstad, Haugen, 6218 HELLESYLT. **Dei skal sendast inn, sjølv om det ikkje er endringar i høve forrige år.**

Minner og om at årsmøte må haldast så snart som råd, i dei lokallaga som enda ikkje har hatt årsmøte.

JORDBRUKSFORHANDLINGANE 2013

Legg ved ”Resultatsamanstilling vedrørende småfe” som ein har mottatt frå NSG. Den kan vere grei å ha, når ein skal studere resultatet frå forhandlingane i år, og den kan vere god å ha når vi skal sjå på innspel til jordbruksforhandlingane 2014. Vi oppfordrer alle om å kome med innspel, diskuter gjerne i lokallaget før leiarsamlinga.

ROVVILT

Den kritiske situasjonen vi har hatt med massive rovviltangrep i mange områder resulterte i eit ekstraordinært møte på Gardermoen torsdag 1. august, med fylkesleiderne og de øvrige representantskapsmedlemmene. Det vart utarbeida eit skriv til forvaltning og parlamentariske ledere vedr. NSGs krav på kort sikt. Denne er også sendt ut som pressemelding og følger vedlagt. Kopi av styrevedtaket om støtte til felling av freda rovvilt i Møre og Romsdal er også lagt ved.

Styret i Møre og Romsdal Sau og Geit ynskjer dykk alle ein fortsatt god beitesesong

For MRSG

Odd Bjarne Bjørdal

- leiar-